

KOMMISJONSAVGJERD (EU) 2020/1802**2023/EØS/49/55****av 27. november 2020****om endring av brukarrettleiinga for deltaking i EMAS i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)***[meld under nummeret C(2020) 8151](*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 av 25. november 2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS), og om oppheving av forordning (EF) nr. 761/2001 og kommisjonsvedtak 2001/681/EF og 2006/193/EF⁽¹⁾, særleg artikkel 46 nr. 5, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) I kommisjonsavgjerd (EU) 2017/2285 av 6. desember 2017 om endring av brukarrettleiinga for deltaking i EMAS i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1221/2009 om frivillig deltaking for organisasjonar i ei fellesskapsordning for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS)⁽²⁾ er dei krava som må vere oppfylte for å nytte ein stikkprøvem metode for kontroll av organisasjonar med fleire område, fastsette i nr. 2.4.3 i vedlegg I.
- 2) I nr. 2.4.3.3 bokstav a) i brukarrettleiinga, som står i vedlegg I til avgjerd (EU) 2017/2285, er det fastsett i kva for sektorar det er tillate å nytte ein stikkprøvem metode for kontroll av organisasjonar med fleire område (tabell 9).
- 3) I nr. 2.4.3.3 bokstav b) i brukarrettleiinga er det fastsett i kva for sektorar bruk av ein stikkprøvem metode kan tillatast i forsøksprosjekt (tabell 10), og at EMAS-utvalet etter at eit forsøksprosjekt er gjennomført, og på grunnlag av evalueringa av prosjektet, kan tilrå å føre opp sektoren på lista over sektorar der det er tillate å nytte ein stikkprøvem metode (tabell 9).
- 4) To forsøksprosjekt i sektorar som står på lista i tabell 10, er gjennomførte i Tyskland: eit i detaljhandelssektoren (NACE-kode 47.1) og eit i sektorane pleie- og omsorgstenester i institusjon (NACE-kode 87) og sosiale omsorgstenester utan butilbod (NACE-kode 88). Ei evaluering av desse to forsøksprosjekta vart lagd fram for EMAS-utvalet.
- 5) På grunnlag av evalueringa av forsøksprosjekta tilrår EMAS-utvalet å føre opp desse sektorane på lista over sektorar der det er tillate å nytte ein stikkprøvem metode for kontroll av organisasjonar med fleire område (tabell 9).

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

NACE-kodane 47.1, 87 og 88 er sektorar der det skal vere tillate å nytte ein stikkprøvem metode for kontroll av organisasjonar med fleire område. Desse sektorane vert difor flytta frå tabell 10 til tabell 9 i vedlegg I til brukarrettleiinga.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 402 av 1.12.2020, s. 51, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 125/2021 av 19. mars 2021 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

(¹) TEU L 342 av 22.12.2009, s. 1.

(²) TEU L 328 av 12.12.2017, s. 38.

Artikkel 2

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utfirda i Brussel 27. november 2020.

For Kommisjonen
Virginijus SINKEVIČIUS
Medlem av Kommisjonen
